



DET KONGELEGE
FORSVARSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 14

(2008–2009)

Om endringar i statsbudsjettet under Forsvarsdepartementet for 2008

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 14. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Føremål og hovudoversikt

1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2008. Siktemålet er å skape best mogeleg samsvare mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2008 vart utarbeidd.

På grunn av den komplekse samansetjinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, kan såleis verte handsama samla og formalisert på rette måte. Regjeringa er opptekne av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lavt nivå som mogleg.

Omgrupperingsproposisjonen tek mellom anna føre seg styrking av prioritert verksemd på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon, Kystvakta, norske styrkar i utlandet og fellesinstitusjonar under Forsvarsstaben, for å dekkje høgare kostnader enn budsjettert. Dette skuldast m.a. høgare drivstoffprisar, seinare frigjering av gevinstar og høgare kostadar knytt til logistikkverksemda. Styrkinga er foreslått mot ei tilsvarande samla reduksjon

på andre budsjettkapittel m.a. omdisponering av 250 mill. kroner frå materiellinvesteringsbudsjettet. Forsvarssjefen har tilrådd ei slik mellombels omdisponering frå investering til drift for å unngå store operative konsekvensar for aktiviteten i 2008. Regjeringa har derfor ut frå ei samla vurdering funne det tilrådeleg å foreslå ei slik omdisponering, men ser den som ekstraordinær grunna prosjektrelaterte forseinkingar. Regjeringa planlegg å styrkje materiellinvesteringsområdet i åra 2010–2012.

Vidare er enkelte kapittel foreslått redusert grunna nødvendig aktivitetsjustering i løpet av året. Ei slik aktivitetsjustering er ein naturleg del av gjennomføringa av verksemda i løpet av året og viktig for at forsvarssjefen kan styre i tråd med dei overordna økonomiske rammene. Alle forslag til omdisponeringar er såleis tilrådd av forsvarssjefen.

Vidare tek omgrupperingsproposisjonen føre seg viktige tekniske endringar, til dømes overføring av budsjettansvar mellom kapitla. I tillegg vert det foreslått ei formalisering av lønnskompensasjonen for 2008 og formalisering av meirinntekter. Totalt utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 231 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke einskilde bestillingsfullmakter.

1.2 Overskridingsfullmakt

Forsvarsdepartementet har høve til å nytte ubrukte midlar på kapittel 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 44 Fellesfinansierte bygge- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del (23,1 mill. kroner) frå 2007 som er overført til 2008, til andre føremål på forsvarsbudsjettet i 2008. Sidan disse midlane i 2008-budsjettet berre er ei overføring og ikkje ei løyving, kan midlane ikkje omdisponerast. Midlane skal nyttast til å dekkje inn meirbe-

hov på kapittel 1792, Norske styrkar i utlandet, post 01 driftsutgifter.

1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2008, dei seinare endringane gjort av Stortinget, og midlar ført over frå 2007. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2008 (524,675 mill. kroner).

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2008, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedteke budsjett 2008	31 540 172
Innst. S. nr. 270 (2007–2008), jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008</i> (RNB)	326 378
Innst. S. nr. 316 (2007–2008), jf. St.prp. nr. 67 (2007–2008) <i>Om endringer i «Regulativ for tillegg o.a. til utskrivne vernepliktige mannskap» («soldatproposisjonen»)</i>	26 806
St.prp. nr. 85 (2007–2008) <i>Om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Justisdepartementet og Forsvarsdepartementet i forbindelse med ekstraordinære utgifter for håndtering av skogbrannen i Froland</i>	8 000
Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet	524 675
= Faktisk løyving før omgruppering	32 426 031
+ Midlar ført over frå 2007	2 066 074
= Disponible midlar i 2008 før omgrupperinga	34 492 105

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida, før omgruppering 2008, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedteke budsjett 2008	798 200
Innst. S. nr. 270 (2007–2008), jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008</i> (RNB)	39 378
= Løyvingar før omgruppering	837 578

1.3.2 Inntekter i 2008

I høve til vedteke budsjett for 2008, er det ei meirinntekt på 231,13 mill. kroner som er foreslått lagt

til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt i St.prp. nr. 1 (2007–2008) under romartalsvedtak II.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førde til utgiftssida	231 130
= Sum behov ved omgrupperinga	231 130
+ Løyvingar før omgrupperinga	32 426 031
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	32 657 161
+ Midlar ført over frå 2007	2 066 074
= Samla disponible midlar i 2008 etter omgrupperinga	34 723 235

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyvingar før omgrupperinga	837 578
Meirinntekter	231 130
= Løyvingar etter omgrupperinga	1 068 708

Regjeringa foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at utgiftsramma og inntektsramma vert auka med 231,13 mill. kroner.

1.3.3 Utgifter

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av meirinntekter.

Tabell 1.5 Postfordeling utgifter (i 1 000 kroner)

Post	Føremål	Mindreutg.- /Meirutg.+
01	Driftsutgifter	517 591
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	-13 838
45	Store nyskaffingar	-250 000
46	Ekstraordinært vedlikehald	66 000
47	Nybygg og nyanlegg	-80 623
50	Overføringar Statens pensjonskasse	-8 000
Sum		231 130

1.3.4 Inntekter

Tabell 1.6 Postfordeling inntekter (i 1 000 kroner)

Post	Føremål	Mindreinnt.- /Meirinnt.+
01	Driftsinntekter	203 130
47	Sal av eigedom	28 000
Sum		231 130

2 Hovudtrekk ved utgifts- og inntektsendringane på postnivå

2.1 Utgifter

Den totale utgiftsramma er auka med 231,13 mill. kroner. Driftsbudsjettet er totalt foreslått auka med 495,753 mill. kroner, medan investeringsbudsjettet er foreslått redusert med 264,623 mill. kroner.

Nedanfor er dei viktigaste endringane forklart på post- og kapittelnivå.

2.1.1 Post 01 Driftsutgifter

Post 01 er foreslått auka med totalt 517,591 mill. kroner.

Forsvarssjefen har tilrådd ei aktivitetsjustering

på greinkapitla for å omdisponere til meir prioritert verksemd på budsjetta til Forsvarets logistikkorganisasjon, Kystvakta, norske styrkar i utlandet og fellesinstitusjonar under Forsvarsstaben. Ei slik aktivitetsjustering er viktig for forsvarssjefens samla styring av Forsvarets verksemd.

Post 01 er foreslått tilført 231,13 mill. kroner i meirinntekter frå kap. 4710 Forsvarsbygg og kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon. Posten er vidare foreslått tilført 250 mill. kroner frå kap. 1760, post 45 Store nyskaffingar grunna omdisponering til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet. Det er vidare foreslått å omdisponere 13,838 mill. kroner frå kap. 1719, post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, 14,623 mill. kroner frå kap. 1710 Forsvarsbygg, post 47 Nybygg og nyanlegg,

og 8 mill. kroner frå kap. 1720, post 50 Overføringar Statens pensjonskasse.

Elles er det gjort omdisponeringar mellom kapittel/postar basert på analysar og vurderingar, inkludert prognosar.

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

Post 01 er foreslått auka med 7,8 mill. kroner.

Auken gjeld omdisponeringar grunna overføring av budsjettansvar for kommunikasjonseininga frå Forsvarsstaben til Forsvarsdepartementet i 2008 (3,8 mill. kroner). Posten er vidare tilført 4 mill. kroner knytt til naudsynte tilpassingar og ombyggingar av leiingsbygget på Akershus festning.

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet

Post 01 er foreslått auka med 4,81 mill. kroner.

Auken er i all hovudsak knytt til meirbehov grunna lønstilskot for avhendingsfunksjonen i Forsvarsbygg. Meirbehovet skuldast auka behov for kompetanse knytta til miljøoppryddings-, rive og sikringsoppgåvar.

Kap. 1720 Felles leiings- og kommandoapparat

Post 01 er foreslått redusert med 52,863 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld omdisponeringar grunna overføring av budsjettansvaret for kommunikasjonseininga frå Forsvarsstaben til Forsvarsdepartementet i 2008 (3,8 mill. kroner), samt omdisponering til kap. 1725 for finansiering av utgifter i samband med fysisk flytting av *Institutt for forsvarsstudier* (3,1 mill. kroner). Annan reduksjon gjeld omdisponering til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet.

Kap. 1723 Nasjonal sikkerheitsmyndighet

Post 01 er foreslått auka med 0,9 mill. kroner

Auken er knytt til overtaking av eigedom, bygg og anlegg frå Forsvarets logistikkorganisasjon.

Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og utgifter under Forsvarsstaben

Post 01 er foreslått auka med 94,557 mill. kroner.

Auken er mellom anna knytt til kostnader i samband med innføring av nytt økonomisystem i LOS-programmet (FIF 2.0) i Forsvaret (40 mill. kroner) og finansiering av kryptonøkkelssystemet EKNAS NOR (10 mill. kroner). Post 01 er òg foreslått tilført

midlar som følgje av overføring av utgifter for felles opptak og seleksjon for befalsskuleelevar for heile Forsvaret (8,4 mill. kroner), samt i samband med utgifter i samband med fysisk flytting av *Institutt for forsvarsstudier* (3,1 mill. kroner). Post 01 vert vidare foreslått tilført 24,7 mill. kroner i samband med ei teknisk korrigering av tidlegare fordelt gevinstrealisering, samt 1,3 mill. kroner for å finansiere vidareføring av beredskap for norsk rolle 2 feltsjukehus.

I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein auke på 7 mill. kroner.

Kap. 1731 Hæren

Post 01 er foreslått redusert med 42,408 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld i all hovudsak omdisponering av identifisert mindrebehov på posten grunna aktivitetsjustering (24,9 mill. kroner). Midlane vert omdisponerte til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet. Post 01 vert vidare foreslått redusert med 16,4 mill. kroner i samband med ei teknisk korrigering av tidlegare fordelt gevinstrealisering. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 1,1 mill. kroner.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

Post 01 er foreslått redusert med netto 23,731 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld i all hovudsak omdisponeringar av identifisert mindrebehov på posten grunna aktivitetsjustering (40,8 mill. kroner). Midlane vert omdisponerte til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet. I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 1,3 mill. kroner.

Kapitlet vert vidare foreslått auka med 9,3 mill. kroner i samband med ei teknisk korrigering av tidlegare fordelt gevinstrealisering. Vidare er kapitlet foreslått auka ved omdisponeringar som følgje av at Sjøforsvaret utfører grunnleggjande rekrutt- og befalsskuleutdanning på vegne av Luftforsvaret (9,1 mill. kroner).

Kap. 1733 Luftforsvaret

Post 01 er foreslått redusert med netto 2,679 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld omdisponeringar til kap. 1732 som følgje av at Sjøforsvaret utfører grunnleggjande rekrutt- og befalsskuleutdanning på vegne av Luftforsvaret (9,1 mill. kroner). I tillegg er det foreslått tekniske justeringar som samla gjev ein reduksjon på 2,6 mill. kroner.

Post 01 er òg foreslått tilført 7,7 mill. kroner i samband med ei teknisk korrigering av tidlegare fordelt gevinstrealisering. Post 01 er vidare foreslått auka for å dekkje utgiftene til øvinga *Northern Viking 2008* (1,35 mill. kroner).

Kap. 1734 Heimevernet

Post 01 er foreslått redusert med netto 3,950 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld i all hovudsak omdisponeringar av identifisert mindrebehov på posten grunna aktivitetsjustering (9,6 mill. kroner). Midlane vert omdisponerte til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet.

Post 01 er òg foreslått tilført 5,7 mill. kroner i samband med ei teknisk korrigering av tidlegare fordelt gevinstrealisering.

Kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon

Post 01 er foreslått auka med netto 336,816 mill. kroner.

Post 01 er foreslått tilført 203,13 mill. kroner grunna meirinntekter. Dette er ei endring av teknisk karakter og skuldast i all hovudsak sal av drivstoff, materiell og tenester til allierte og samarbeidande nasjonar på øving i Noreg (sjå forklaring under post 01 driftsinntekter). Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjetttert utgiftsside i 2008.

Annan auke gjeld i all hovudsak omdisponeringar frå andre delar av forsvarsbudsjettet for å dekkje meirbehov knytt til den løyvingfinansierte delen av kapitlet. Dette gjeld m.a. auka energikostnader og auka kostnader i samband med å betre datakvalitet på materiellrekneskapen, samt manglande effektivisering innanfor regionale støttefunksjonar og forsinka utrangering av eigedom, bygg og anlegg (174,7 mill. kroner).

Post 01 er òg foreslått redusert med 41 mill. kroner m.a. i samband med ei teknisk korrigering av tidlegare fordelt gevinstrealisering.

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg

Post 01 er foreslått redusert med 10,74 mill. kroner.

Reduksjonen er i all hovudsak relatert til omdisponering av midlar til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet.

Kap. 1790 Kystvakta

Post 01 er foreslått auka med 54,779 mill.

Auken gjeld i all hovudsak omdisponering grun-

na auka kostnader for innleige av fartøy for å oppretthalde slepebåtberedskap og auka drivstoffprisar i 2008.

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

Post 01 er foreslått auka med 6 mill. kroner.

Auken gjeld Forsvarets del av kostnader relatert til auke i talet på flytimar for redningshelikoptertenesta i samanheng med auka tilstedevakt fleire stader.

Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet

Post 01 er foreslått auka med 148,550 mill. kroner til å dekkje auka utgifter i tilknytning til Noregs bidrag i Afghanistan. Auken vert foreslått dekt inn ved omdisponering frå ei rekkje andre kapittel på forsvarsbudsjettet.

Meirbehovet er knytt til endringer i det norske styrkebidraget til *International Security Assistance Force* (ISAF) i Afghanistan. Det vart lagt til grunn at kostnadane kunne reduserast ved i større grad å samle det norske styrkebidraget, men dårlige vegar og restriksjonar for bruk av flyplassen i Meymaneh har gjort det nødvendig å oppretthalde eit norsk nærvær også i Mazar-e-Sharif. Dette har såleis gitt høgare kostnader enn først lagt til grunn.

Kap. 1795 Kulturelle og allmennnyttige føremål

Post 01 er foreslått redusert med 0,25 mill. kroner.

Reduksjonen er knytt til ei budsjetteknisk justering vedrørande gjennomføring av *Norsk Militær Tattoo*.

2.1.2 Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet. I 2008 er løyvinga nytta til å dekkje ymse meirbehov, mellom anna økonomisk støtte til gjennomføring av øvinga *Northern Viking 2008*, vidareføring av beredskap for rolle 2 feltsjukehus og utearena på Akershus festning, samt ei rekkje andre mindre kulturaktivitetar. Posten er foreslått redusert med 13,838 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

2.1.3 Post 45 Store nyskaffingar

Post 45 er foreslått redusert med 250 mill. kroner.

Reduksjonen er relatert til omdisponering av midlar til meir prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet. Særskilt gjeld dette Forsvarets logistikkorga-

nisasjon, Kystvakta og norske styrkar i utlandet, der det i løpet av gjennomføringsåret 2008 er identifisert meirbehov for å oppretthalde prioritert aktivitet.

2.1.4 Post 46 Ekstraordinært vedlikehald

Det vert foreslått å opprette ei eigen post 46 Ekstraordinært vedlikehald for å synleggjere kostnader til ekstraordinært vedlikehald på dei nasjonale festningsverka. Posten vert foreslått tilført 66 mill. kroner i 2008 for å starte arbeidet med å setje i stand murar og byggverk som utgjer ein potensiell fare for tryggleiken til dei som nyttar seg av/besøker festningane.

2.1.5 Post 47 Nybygg og nyanlegg

Post 47 vert foreslått redusert med 80,623 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld i all hovudsak inndekking av utgifter til ekstraordinært vedlikehald ved dei nasjonale festningsverka, jf. post 46 ovanfor. Posten vert vidare foreslått redusert med 14,6 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

2.1.6 Post 50 Overføring til Statens pensjonskasse

Post 50 vert foreslått redusert med 8 mill. kroner grunna eit mindrebehov på posten i 2008.

2.2 Inntekter

Det er registrert netto meirinntekter på 231,13 mill. kroner.

2.2.1 Post 01 Driftsinntekter

Kapittel 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon, post 01 driftsinntekter, er foreslått auka med 203,130 mill. kroner. Auken gjeld meirinntekter av teknisk karakter, og skuldast sal av drivstoff, utleige av eigedom, bygg og anlegg, sal av proviant og forpleiing til allierte styrkar på øving i Noreg. Meirinntekta har i hovudsak ei tilsvarande ikkje-budsjettert utgift i 2008.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

2.2.2 Post 47 Sal av eigedom

Kapittel 4710, post 47 vert foreslått auka med 28 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak forsert sal av bustadar som ikkje vert føresett på budsjetteringstidspunktet.

3 Bestillingsfullmakter

Regjeringa foreslår ei intern omfordeling av bestillingsfullmakter mellom kapitla.

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg

Bestillingsfullmakta på post 45 vert foreslått redusert med 100 mill. kroner til totalt 23 900 mill. kroner grunna mindrebehov på posten.

Bestillingsfullmakta på post 44 vert foreslått auka med 50 mill. kroner til totalt 150 mill. kroner. Auken skuldast eit meirbehov grunna forsert framdrift av arbeidet med nytt bygg til *Joint Warfare Centre*.

Bestillingsfullmakta på post 48 vert foreslått auka med 100 mill. kroner til totalt 250 mill. kroner. Auken skuldast eit meirbehov grunna forsert framdrift av arbeidet med nytt bygg til *Joint Warfare Centre*.

Bestillingsfullmaka på post 75 vert foreslått redusert med 50 mill. kroner til totalt 100 mill. kroner grunna mindrebehov på posten.

Forsvarsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet under Forsvarsdepartementet for 2008.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Forsvarsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 327 972 000 til kr. 335 772 000	7 800 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
(ny)	46	Ekstraordinært vedlikehald, <i>kan overførast</i> , løyvast med	66 000 000
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 1 500 000 000 til kr. 1 419 377 000	80 623 000
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 365 123 000 til kr. 369 933 000	4 810 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 18 000 000 til kr. 4 162 000	13 838 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 1 765 992 000 til kr. 1 713 129 000	52 863 000
	50	Overføringar til Statens pensjonskasse, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 203 283 000 til kr. 195 283 000	8 000 000
1723		Nasjonal sikkerhetsmyndigheit	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 106 996 000 til kr. 107 896 000	900 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 293 727 000 til kr. 2 388 284 000	94 557 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 4 047 905 000 til kr. 4 005 497 000	42 408 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 2 882 540 000 til kr. 2 858 809 000	23 731 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 3 486 755 000 til kr. 3 484 076 000	2 679 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 1 110 089 000 til kr. 1 106 139 000	3 950 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 488 791 000 til kr. 2 825 607 000	336 816 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert redusert med frå kr. 900 849 000 til kr. 890 109 000	10 740 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	45	Store nyskaffingar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	250 000 000
		frå kr. 7 693 293 000 til kr. 7 443 293 000	
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	54 779 000
		frå kr. 875 268 000 til kr. 930 047 000	
1791		Redningstenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	6 000 000
		frå kr. 34 445 000 til kr. 40 445 000	
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	148 550 000
		frå kr. 1 049 091 000 til kr. 1 197 641 000	
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	250 000
		frå kr. 227 423 000 til kr. 227 173 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	47	Sal av eiendom, vert auka med	28 000 000
		frå kr. 152 000 000 til kr. 180 000 000	
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	203 130 000
		frå kr. 225 244 000 til kr. 428 374 000	

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2008 kan gjere bestillingar utover dei gjevne løyvingane. Den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post	Samla ramme
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, vert auka med
		frå kr. 100 000 000 til kr. 150 000 000
	45	Store nyskaffingar, vert redusert med
		frå kr. 24 000 000 000 til kr. 23 900 000 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, vert auka med
		frå kr. 150 000 000 til kr. 250 000 000
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATO's investeringsprogram for tryggleik vert redusert med
		frå kr. 150 000 000 til kr. 100 000 000

III

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2008 kan overskride kap. 1792 Norske styrkar i utlandet, post 01 driftsutgifter, med inntil 23,1 mill.

kroner mot ei tilsvarende inndekkjing av mindreforbruk på kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 44 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del.